



Årsmelding frå styret i Ørsta IL Alpin
Mai 2018 – mars 2019

Ulsteinvik 13.mars 2019

Styret har vore:

Geir Ove Molvær – Leiar

Einar Åmbakk – Nestleiar

Silje Aune Tvergrov – Bilagsansvarleg

Tony Stranden – Oppmann

Styremøter i perioda er 8 stk som vi har hatt på BKK og Ørstahallen.

Sportsleg: Eiga årsmelding etter sesongen er avslutta og innan 25.mai 2019.

- Treningssamlingar på Juvass, Bjorli, Kvitfjell og Hafjell.
- Barmarkstrening på Topp Trening v/Guro samt i Molde.
- Grunnet sviktande deltakelse førre sesong vart det ikkje barmarkstrening for klubb denne sesongen. Krasjar med andre «sommar» aktivitetar.
- Skitreningar har vore på Bjorli, Bondalseidet, Reset, Stranda og Hornindal.
- Skileik / Opel Rekrutten; Vi fikk Thomas Silseth og Thomas Solbakken til å gjenoppta skileik for Ørsta Alpin. Dette er lavterskel tilbud til yngre born som ønskjer å leike/trene på ski. Vi bestemte også at vi skulle kalle dette for OPEL rekrutten(Bil & Gummiservice er sponsor) og om det var mulighet for det avslutte med en sosial happening i tidtakarbuda.
- Klubbmeisterskap / Avslutning Opel Rekrutten: Planlagt 2.påskedag.



- Dugnader på Bondalseidet. Skoging i treningstrasè, rydding tidtakarbua samt stikkebua, montert flake på startbua på toppen av Nakkøløypa. Sikret SL start buda i Nakkøløypa.

Alpine renn: Bjønnamesterskapet planlagt til 10.mars 2019. Flyttet til Standa som overtok rennet pga. manglende snøforhold på Bondalseidet.

Dugnadsarbeid for å skaffeklubben inntekter:

- Opprettet sponsorgruppe, bestående av Arne Lothe og Monika Rebbestad. Disse har det overordna ansvaret for alle Ørsta Alpin sine sponsorar.
- Foreldregruppa fikk ansvar for å ringe tre sponsorar utifrå ei liste for å prøve å få inn fleire sponsorar.
- Skibyttedag i november 2018.
- Bama kvitteringar.

Sosiale arrangement:

- Voksenkveld (Tapaskveld) i tidtakarbua etter dugnaden 20.oktober 2018.
- Kveldsmat etter endt treningsøkt på Bondalseidet.

Økonomi:

I klubben er det høg aktivitet av renn, og treningssamlingar i kretsregi. Ved høg aktivitet er det også behov for å ha en grei økonomi. Klubben jobbar fortløpande med sponsoravtalar. Vi har ein sponsoravtale der dessverre selskapet gjekk konkurs (K.A Aurstad) der det jobbast med å få flyttet sponsoravtalen over i et av dei andre Aurstad selskapa som ikkje vart råka av konkursen. I tillegg er Island Offshore sponsor avtalen årleg, det jobbast med fornying av denne også. Meir informasjon angående økonomi frå bilagsansvarleg.



Medlemsinformasjon:

Det meste av informasjon blir sendt ut via lukka gruppe på Facebook og på e-post. I tillegg ei offentlig side på FB der andre kan sjå kva vi driv med.

Samarbeid i foreldregruppa:

Foreldra i lag med løparane utgjer klubben. Arbeidsoppgåvene til foreldregruppa er å delta aktivt med ulike arbeidsoppgåver som må gjerast for å få klubben til å fungere. Ved å vere medlem av Ørsta IL Alpin må foreldre på ulike nivå ta del i dugnadsarbeid. Både inntektsbringande arbeid og på treningar, samlingar og renn.

Takk til alle som har gjort en flott jobb!

Geir Ove Molvær

Leiar Ørsta Alpin